

## Saksprotokoll i Styret for Fagskolen i Hordaland - 24.01.2019

### YMSE

Følgjande uttale vert sendt fylkesrådmannen (saman med arbeidsnotatet frå møtet som vedlegg):

#### Uttale frå fagskulane i Vestland fylke

Den 16. januar gjennomførte styra og representantar frå administrasjonen for fagskulane i Hordaland og Sogn og Fjordane eit felles møte i Førde. På møtet vart status for strategiarbeidet i dei to styra og våre felles utfordringar i høve til nasjonale og regionale målsettingar for fagskulen, diskutert. Begge fylka har framtidsretta og ambisiøse planer for ei vidare utvikling av fagskulane. Det same gjeld samarbeidet med næringsliv, offentleg sektor, den vidaregåande skulen og Høgskulen på Vestlandet. Samtidig har begge styra satt i gang eit arbeid for å revidera sine strategiar.

Difor vil styret for Fagskolen i Hordaland be den politiske og administrative leiinga i dei to fylka leggja til rette for at styra i det vidare arbeidet med sine strategiar kan sjå desse som ein del av ein heilskap. Dette for å kunne utvikla eit best mogleg fagskuletilbod i fylka. Styret meiner dei samla faglege og økonomiske ressursane til fagskulane gjev eit godt grunnlag for å kunna utvikla vidare eit desentralisert og framtidsretta fagskuletilbod i det nye fylket.

#### Endring møtedatoar:

Tilflyst styremøte 21. mars blir flytta til 22. mars.

Tilflyst styremøte 9. mai blir flytta til 10. mai 2019.

#### Årsrekneskap 2018 og budsjett 2019:

Seksjonsleiar fellestenester Birthe Haugen og rektor for Fagskolen i Hordaland Torbjørn Tvedt gjekk gjennom tala i årsrekneskapen for 2018, samt forslag til driftsbudsjett for 2019. Rektor la også fram forslag til investeringsbudsjett for 2019 – 2023.

Styret tok orienteringa til etterretning og kom med diverse innspel til kor detaljert dei ønskjer framlegging av årsrekneskap og budsjett.

Saka vert sett opp att på neste styremøte.

#### Oversikt over ulike revisjonar.

Styret ønskjer å få seg førelagt planar og tidspunkt over ulike typer revisjonar, inkludert intern revisjon.

#### Eigen post på styremøta: Orienteringar.

Status – ulike arbeidsgrupper fagskulen er involvert i – kva skjer - anna relevant informasjon.

#### Fellesmøte mellom fagskulane i Førde.

Styreleiar orienterte frå nyleg møte mellom fagskulane i Hordaland og Sogn & Fjordane.

#### Status planlegging ny fagskule på Laksevåg.

Rektor orienterte om oppstartsmøte for brukargruppene vedk. samlokalisering. Det vil vera fleire møte utover våren der det særleg er romprogram og areal som vert drøfta.

#### Initiativ mot Bergen Kokkenes Mesterlaug.

Rektor Torbjørn Tvedt og styremedlem John Helge Gullaksen informerte om at fagskulen vil invitere seg til ei samling for å fortelja om lokal matkultur.